

---

Vår referanse 2020/42953-7  
Dato 04.07.2020

---

Aasmund Eikum Roterud

## Fornya førehandstilsegn - Avkøysle - Rosslandsvegen - Fv 564 - Gnr 305 bnr 47 - Alver kommune

Vi syner til tidlegare korrespondanse og vedtak i saka.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrslø frå fylkesveg 564 til eigedomen gnr. 305 bnr. 47 i Alver kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

### Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 27.07.2011. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld ein fritidsbustad på gnr. 305 bnr. 47 i Alver kommune.
3. Krav til frisikt 3 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 70 meter til kvar side av køyrebanen. Sikta fram og bakover på vegen ved avkøyrslø skal vere minimum 70 meter. Dette inneber at alle sikthindrande element (vegetasjon, terreng mm) over 0,5 meter i planet mellom avkøyrslø og fylkesvegen må fjernast.
4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8m). Svingradius skal vere tydeleg avgrensa med betongkant, grøft eller liknande.
5. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg. Det er ikkje tillat å parkere i siktsonene.
6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Dersom avkøyrslø går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Prinsippskisse*.

8. Krava til lengdeprofil skal haldast jf. vedlagte prinsippskisse. Avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.
9. Under avkøyrsla må det leggjast drenering med minimum 300mm i diameter med kummer og køyresterk rist. Røyrret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
11. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må du ta kontakt med Vestland fylkeskommune for kontroll og eventuelt endeleg bruksløyve.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Vi fekk søknad om godkjenning av ferdig opparbeidd avkøyrsl. Vi var på synfaring på staden og finn at avkøyrsla ikkje er opparbeidd i samsvar med dei krav som vart sett i vedtak av 06.12.2019.

Sidan avkøyrsla først var søkt om i 2011 er fartsgrensa på staden sett ned frå 80 km/t til 60 km/t. Vi finn difor grunnlag for å endre siktkrava til avkøyrsla med bakgrunn i dette.

Vi kan likevel ikkje gje eit løyve til bruk av avkøyrsla i dag fordi avkøyrsla har vesentlege manglar. I denne konkrete avkøyrsla skal svingradiusen opparbeidast og ha ei tydelig avgrensing mot sideterrenget. Du må sørge for at dreneringsrøyr under avkøyrsla har ein tilfredsstillande dimensjon. Grøftene langs eigedomen må reinskast opp slik at dei fungerer slik dei skal. Lengdeprofilet avkøyrsla skal vere opparbeidd slik at det vert ei helling frå fylkesvegen for å unngå at vatn og grus renn inn på fylkesvegen. Til slutt er det viktig å opparbeide snuhammar slik det var vist i søknaden. All parkering må skje utanom siktsone og inne på tomta.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Susanne Stølheim Aasen  
fung. leiar

Tone Bøyum  
Senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Prinsippskisse avkjørsel - Fløksand - Alver

Kopi til:

ALVER  
KOMMUNE

Postboks 4